



ÅRSMELDING 2022

JØSNESET BYGDARÅD

Årsmøtet blei halde 10. 03. 2022

Styret:

- Oddvar Skiftun (leiar)
- Solveig Bog (sekretær og kasserar)
- Jostein Hjorteland (utleigeansvarleg)
- Lars Reidar Nesvik (arrangementsansvarleg)
- Johan Hjorteland (vaktmeister)

Varamedlemmer: Brahim Gbada og Øyvind Oaland

Revisor: Tor Magne Skiftun

Smashing-komiteen: Odd Fosså, Hanne Tjeltveit, Sven Westersjø, Silje Sværen, Oddvar Skiftun (for styret)

Trening/Trim: Silje Sværen og Svanhild H. Gbada

Redaksjon heimesida: Silje Sværen, Svanhild H. Gbada og Solveig Bog

«Blomsterpike»: Svanhild H.Gbada

Året 2022 og første del av 2023.

Mars 22

- Årsmøte for Jøsneset Bygdaråd.
- Styremøte, konstituering, gjennomgang av årsmøtevedtaket

- Kontaktmøte med Hjelmeland kommune – aktuelle spørsmål og søknadsordningar
- Møte med «Hjelmeland Naturlegvis» om «hyttefrukost» (Jan Grimstad)

April 22

- Møte med HK/Bygg&Anlegg (Oskar)- klarering av investeringsprosjekt og driftstilskott
- Dugnad på anlegget, godt oppmøte – luking, justering av lekeapparat,rydding i kjellaren, inngjerding for å engasjera sau for grasklypping mm
- Styremøte
- Engasjering av «flaggmann» og flaggordning- Inge Torkel Skiftun
- Maling inngongspartiet Trivselsstova

Mai 22

- Planleggingsmøte om «kaijubileet»
- Planleggingsmøte for Smashing
- Dugnadsøkt- begrensa oppmøte, inngjerding, rydding både gymbygget og kjellaren i gamleskulen, luking mm
- Engasjering av ungdom for vedlikehald grøntanlegget juni-august
- Engasjering av ungdom for beising av ballbingen
- Ferdigstilling av kjøkken (Johan Langvik)
- Maling flaggstong

Juni 22

- Jonsokfering i Skiftunstranda-godt oppmøte,greit vær
- Plassering av innkjøpt benk på Smidjehauen
- Styremøte
- Utleigeavtalar kontoravdelinga
- Reforhandling av utleigeavtale for storskulerommet i gamleskulen

Juli 22

- Kaijubileum -Skiftun kai- minst 100 år, over 100 deltakarar, svært vellukka i fint vær.

-Gjenstøyping vassrenne «skuleplassen»

August 22

-Ordføraren (Anita Husøy Riskedal) gjeopna Smashing etter to år med pandemi - og døypte Jøsneset for «Festbygda». Med Vestlandsfanden i spissen vart kvelden 6.august svært vellukka. 280 deltakarar og mange på dugnad gjorde kvelden fin for alle. Skjenkekontrollen hadde berre positivt å seia om arrangementet. Stort økonomisk overskot, men intens dugnadsinnsats over 3 dagar. Spesiell ros til Smashingkomiteen som også på førehand hadde mange dugnadstimer «i banken». At arrangementet utløyste nærare 300 dugnadstimar er ikkje særlig feil å påstå.

-«Søknadskveld» Hjelmeland kommune – rettleiing om ulike tilskottsordningar

September 22

-Evalueringsmøte for Smashingarrangementet

-Styremøte

-Planleggingsmøte for nytt forsøk med «hyttefrukost»

-Utplassering av gonglemmer

Oktober 22

-Innsamling-dør-dør, TV-aksjonen

-«Hyttefrukost»- vellukka ifølge Jan Grimstad (Hjelmeland Naturlegvis)

-Første forsøk med Pubkveld, vel 30 deltok – vellukka

-Montering av varmpumper i gymsalen (HK)

November 22

-Kontaktmøte med Hjelmeland kommune – spes fokus på auka straumutgifter.

-Styremøte

-Tenning av juletre – godt oppmøte og gløgg på grendasenteret.

Januar 23

-Kontaktmøte med Hjelmeland kommune – om driftstilskott mm

- Spesielt møte mellom bygdaråda (Vormedalen.Randøy,Jøsneset) og rådmann,kultursjef og ass.rådmann. Fokus på straumutgifter kontra driftstilskott. Rådmannen vil tilrå auke overfor formannskapet.
- Styremøte – ma planlegging av «nabomøte» med Mowi og pubarrangement
- Samordningsmøtet mellom helselaget og bygdarådet– få på plass ny oppslagstavle (den gamle tok austavinden)
- Innkjøp av ny prosjektor (utan budsjett)
- Vertskapsrolle for «nabomøte» med Mowi, vellukka ifølge Mowi med over 25 deltakarar.
- Pubarrangement, vellukka med nærare 50 deltakarar (inkl styret)

Februar 23

- Styremøte (førebuing for årsmøtet)

Pågåande saker

- Driftsavtalen med HK – spesielt storleik på driftstilskottet
- Avløpsproblematikken for ma Jøsnesbygda-strengare føresegner pga at Ombofjorden er stempla som «sårbar»
- Betre ordning for mjuke trafikkantar Nesvik
- Ådne Skiftun- spørsmål om registrering av snarveggar på Jøsneset
- Etablering av reklame på heimesida
- Ny mur leikeplassen
- Ny oppslagstavle
- Etablering av rekkverk/autovern Skiftunkrossen-Skiftunkaien
- Lys Skiftunkaien
- Breiband/Internett internt for byggja har det vorte arbeidd mykje med, framleis ikkje perfekt.

Økonomi/Rekneskap

Jøsneset Bygdaråd har pr.31.12.2022 ein solid økonomi, delt på ulike «avdelingar».

Rekneskapen viser eit relativt stort overskot for 2022 i høve til budsjettramma som årsmøtet vedtok.Det er hovudsakleg Smashingarrangementet som har gjort økonomien solid. Men det er den enkelte sin store dugnadsinnsats som har gjort både dette og andre arrangement muleg.

For nærare innsyn og informasjon viser ein til rekneskapen for 2022.

Ros og Ris

I høve til gjeldande reglement for Jøsneset Bygdaråd, meiner styret at ein har halde seg godt innafor «reglane» - på same måte som for økonomi//budsjett.

I høve til planlagt aktivitet har ein på kort tid snudd seg rundt for å arrangera nye «ting» som har dukka opp på direkten og gjennomført med «stil».

Ekstra ros til treningsgruppa (Silje og Svanhild) som har tilrettelagt for fast torsdagstrimm -og ikkje minst overfor mange enkeltpersonar som trenar/trimmar til ande tider. Treningsrommet og eit kjekt tilrettelagt uteområde med monterte lekeapparat har vorte ein naturleg møteplass for både vaksne og barn, masse skryt for dette er registrert.

Den profesjonelle Smashingkomiteen fortener også i år ros for glimrande gjennomført arrangement.

Styret meiner og at ein er lyttande og imøtekomande overfor «publikum» som måtte ha noko på hjartet.

Eksternt vert Jøsneset Bygdaråd oppfatta som veldrive og aktivt bygdaaråd.

Styret vil på andre sida beklaga at ein ikkje har fått på plass årsmøtevedtak om

-å få på plass reklame (og inntekter) på heimesida

-å få etablert mur ved leikeplassen

-å nytta seg av mva-kompensasjonsordninga

Styret har purra og arbeidd med nemnde strekpunkt, men har ikkje nådd fram overfor 3. person som har fått oppdraga. Misforståing og manglande kompetanse har medført at styret ikkje har søkt om mva-kompensasjon. Det er mager trøyst at det ikkje har vore søkt tidlegare år sjølv om «omsetninga» har vore låg. Med den høge omsetninga ein har hatt i 2022, må - og skal dette på plass.

Utfordringar framover.

Med bakgrunn i 2022 – årsmeldinga, rekneskapen og ikkje minst styret sine erfaringar, er det ulike utfordringar for 2023 og vidare framover.

-Stor dugnadsinnsats er avgjerande for bygdarådet, dette gjeld internt, og ikkje minst frå bygdafolket (og fritidsbuande). Styret tippar på- og føler på at ein balanserer på ei «nok er nok» grense både for styret og bygdafolket. Styret ser det difor risikofylt å leggja opp til auka aktivitet framover, maktar ein å halda oppe nåverande nivå, bør ein vera stolte og nøgde. Styret ser ei utfordring i å fordela arbeidsoppgavene betre internt og å få engasjert fleire av bygdafolket.

-Auka utleige av tilrettelagte kontor er ei anna utfordring saman med

-Bruk av barnehagebygget

-Enklare utfordringar er ei betre arkivordning, orden for reinhald/søppel, ei effektiv straumsparing og oversiktleg nøkkelordning.

Årsmeldinga for 2022 er styret si subjektive oppfatning og tilbakemelding av driftsåret 2022 til bygdafolket og årsmøtet (og aktuelle eksterne aktørar). Årsmeldinga er historie og er eit grunnlag for å sjå framover.

Skiftun 05.02.2023

Johan Jostein Lars Reidar Solveig Oddvar